

Institutt for samfunnsøkonomi

Eksamensoppgave i SØK1000 – Innføring i samfunnsøkonomi

Faglig kontakt under eksamen: Anne Borge Johannesen

Tlf.: 73 59 05 29

Eksamensdato: 12. desember 2018

Eksamenstid (fra-til): 5 timer (09.00-14.00)

Sensurdato: 14. januar 2019

Hjelpemiddelkode/Tillatte hjelpemidler: D/ Ingen trykte eller håndskrevne hjelpemidler tillatt.

Kalkulator: Casio fx-82ES PLUS, Casio fx-82EX Citizen SR-270x, SR-270X College eller HP 30S.

Målform/språk: Bokmål og nynorsk

Antall sider bokmål (uten forside): 2

Antall sider nynorsk (uten forside): 2

Antall sider vedlegg: 0

Informasjon om trykking av eksamensoppgave

Originalen er:

1-sidig 2-sidig

sort/hvit farger

skal ha flervalgskjema

Kontrollert av:

Dato

Sign

Bokmål**Oppgave 1 (50%)**

Et land har høy arbeidsledighet, og en gruppe økonomer hevder at den høye ledigheten skyldes for lav samlet etterspørsel i økonomien. Disse økonomene argumenterer for at ekspansiv finanspolitikk er løsningen på ledighetsproblemet.

a) Forklar relasjonene i følgende makroøkonomiske modell, og b) bruk den deretter til å analysere om disse økonomene kan ha rett.

$$(1) Y = C + I + G + X - Z$$

$$(2) C = A + c(Y - NT) \quad A > 0, \quad 0 < c < 1$$

$$(3) NT = tY \quad 0 < t < 1$$

$$(4) Z = zY \quad 0 < z < 1$$

Variablene er definert slik: Y er brutto nasjonalprodukt (BNP), C er privat konsum, I er private realinvesteringer, G er offentlig kjøp av varer og tjenester, X er eksport, Z er import og NT netto skatter. Variablene I, G og X er eksogene.

c) Det kommer advarsler mot denne politikken, fordi den vil svekke landets handelsbalanse. Ved hjelp av modellen: Kan denne advarselen ha noe for seg?

d) En annen gruppe økonomer hevder at ekspansiv finanspolitikk er feilslått medisin, fordi ledigheten domineres av friksjons- og strukturledighet, ikke Keynesiansk ledighet. Hva er forskjellene på disse tre typene arbeidsledighet?

e) Hvis den andre gruppen økonomer har rett; hva bør virkemidlene da rette seg mot, og ev. hvilke virkemidler kan være aktuelle?

Oppgave 2 (50%)

- a) Definer hva vi forstår med egenpriselastisiteten i etterspørselen etter et gode. Statistisk Sentralbyrå beregnet i 2013 egenpriselastisiteten for godegruppen 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer' til å være lik -0,2. Forklar med ord hva dette betyr. Kjøttdeig er en av mange matvarer i godegruppen 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer'. Hvordan tror du egenpriselastisiteten til kjøttdeig er sammenlignet med egenpriselastisiteten til godegruppen 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer'? Begrunn svaret.
- b) Forklar og illustrer grafisk hvordan pris og omsatt kvantum bestemmes i et perfekt frikonkurransemarked. Forklar og illustrer grafisk hva vi forstår med konsumentoverskudd (KO), produsentoverskudd (PO) og samfunnsøkonomisk overskudd (SO).

- c) Hvorfor er det perfekte frikonkurransemarkedet den teoretiske markedsformen som maksimerer samfunnsøkonomisk overskudd?

Anta nå at myndighetene innfører en stykkavgift (avgift per enhet) i dette perfekte frikonkurransemarkedet for å skaffe staten inntekter.

- d) Diskuter hvordan avgiften påvirker pris og omsatt kvantum i markedet, samt statens inntekt.
- e) Forklar hvorfor avgiften gir et dødvektstap (effektivitetstap). Illustrer dødvektstapet grafisk.

Ekspertgruppen Grønn skattekommisjon overleverte i desember 2015 sin rapport, *NOU 2015: 15 Sett pris på miljøet*, til finansministeren. Rapporten viser blant annet at klimagassutslippene fra jordbruket utgjør 8,5% av Norges samlede klimagassutslipp og at mesteparten av dette kommer fra produksjon av storfe, sau/lam og geit (metan fra dyrenes tarmgass).

Du skal nå betrakte markedet for rødt kjøtt og anta at dette markedet kan betraktes som et frikonkurransemarked.

- f) Grønn skattekommisjon foreslo en avgift på rødt kjøtt for å redusere husholdningenes konsum av rødt kjøtt. Diskuter effekten av en slik avgift på forbruket av rødt kjøtt.
- g) Forklar hvorfor en slik avgift øker det samfunnsøkonomiske overskuddet i markedet for rødt kjøtt, i motsetning til hva du viste i e).

Finansministeren ber deg om innspill til hva som karakteriserer et godt avgiftssystem.

- h) Gi finansministeren et svar basert på hva du har diskutert i a)-g).

Nynorsk**Oppgåve 1 (50%)**

Eit land har høg arbeidsløyse, og ei gruppe økonomar hevdar at den høge arbeidsløysa skuldast for låg samla etterspurnad i økonomien. Desse økonomane argumenterer for at ekspansiv finanspolitikk er løysinga på arbeidsløyseproblemet.

a) Forklar samanhengane i fylgjande makroøkonomiske modell, og b) bruk han deretter til å analysera om desse økonomane kan ha rett.

$$(1) Y = C + I + G + X - Z$$

$$(2) C = A + c(Y - NT) \quad A > 0, \quad 0 < c < 1$$

$$(3) NT = tY \quad 0 < t < 1$$

$$(4) Z = zY \quad 0 < z < 1$$

Variablane er definerte slik: Y er brutto nasjonalprodukt (BNP), C er privat konsum, I er private realinvesteringar, G er offentleg kjøp av varer og tenester, X er eksport, Z er import og NT netto skattar. Variablane I, G og X er eksogene.

c) Det kjem åtvaringar mot denne politikken, fordi han vil svekka handelsbalansen til landet. Ved hjelp av modellen: Kan denne åtvaringa ha noko for seg?

d) Ei anna gruppe økonomar hevdar at ekspansiv finanspolitikk er feil medisin, fordi arbeidsløysa vert dominert av friksjons- og strukturarbeidsløyse, ikkje Keynesiansk arbeidsløyse. Kva er skilnadene på desse tre slaga arbeidsløyse?

e) Dersom den andre gruppa økonomar har rett; kva bør verkemidla då retta seg mot, og ev. kva for verkemiddel kan vera aktuelle?

Oppgåve 2 (50%)

- a) Definer kva me forstår med eigenpriselastisiteten i etterspurnaden etter eit gode. Statistisk Sentralbyrå berekna i 2013 eigenpriselastisiteten for godegruppa 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer' til å være lik -0,2. Forklar med ord kva dette tyder. Kjøttdeig er ein av mange matvarer i godegruppa 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer'. Korleis trur du eigenpriselastisiteten til kjøttdeig er samanlikna med eigenpriselastisiteten til godegruppa 'matvarer og alkoholfrie drikkevarer'? Grunnje svaret.
- b) Forklar og illustrer grafisk korleis pris og omsett kvantum vert fastsette i ein perfekt frikonkurransemarknad. Forklar og illustrer grafisk kva vi forstår med konsumentoverskot (KO), produsentoverskot (PO) og samfunnsøkonomisk overskot (SO).

- c) Kvifor er den perfekte frikonkurransemarknaden den teoretiske marknadsforma som maksimerer samfunnsøkonomisk overskot?

Gå no ut frå at styresmaktene innfører ei stykkavgift (avgift per eining) i denne perfekte frikonkurransemarknaden for å skaffa staten inntekter.

- d) Diskuter korleis avgifta verkar på pris og omsett kvantum i marknaden, samt staten si inntekt.

- e) Forklar kvifor avgifta gir eit daudvektstap (effektivitetstap). Illustrer daudvektstapet grafisk.

Ekspertgruppa Grøn skattekomisjon overleverte i desember 2015 rapporten sin, *NOU 2015: 15 Sett pris på miljøet*, til finansministeren. Rapporten syner mellom anna at klimagassutsleppa frå jordbruket utgjer 8,5% av Noregs samla klimagassutslepp og at mesteparten av dette kjem frå produksjon av storfe, sau/lam og geit (metan frå dyras tarmgass).

Du skal nå sjå på marknaden for raudt kjøt og gå ut frå at denne marknaden kan sjåast på som ein frikonkurransemarknad.

- f) Grøn skattekomisjon foreslo ei avgift på raudt kjøt for å redusera hushalda sitt forbruk av raudt kjøt. Drøft verknaden av ei slik avgift på forbruket av raudt kjøt.

- g) Forklar kvifor ei slik avgift aukar det samfunnsøkonomiske overskotet i marknaden for raudt kjøt, i motsetnad til kva du viste i e).

Finansministeren ber deg om innspel til kva som kjenneteiknar eit godt avgiftssystem.

- h) Gi finansministeren eit svar ut frå kva du har drøfta i a)-g).